

Mista sjansen til opprykk?

22.09.2013



Uskedelingane er like blide trass i tapet. Frå venstre står Gørill, Anita, Katrine, Kari og Anne Marte

Dei dyktige fotballjentene til Rosendal med solid innslag frå Uskedalen mista kanskje i ettermiddag sjansen til å spela om opprykk til 3. divisjon.

Dei tapte 1-2 for Os på heimebane, men så var dei da også sterkt reservespekka. Ikke minst vart det i denne kampen heilt klårt kor avhengig laget er av Ingebjørg Haugland som målscorar.

Denne gongen prioriterte ho Oslo maraton.

5 uskedelinger var imidlertid med: Gørill Samland Eik, Anita Simensen, Katrine Yri Røssland, Kari Bråtun og Anne Marte Zimmer.

Denne gongen fekk jentene slett ikkje demonstrert kva som bur i dei - i motsetnad kva som var tilfelle for berre få dagar sidan.

Særleg i første omgang var dei heller tafatte og fomlete. Heldigvis spela heller ikkje Os, som ligg på andre plassen, særleg bra i denne delen av kampen. Men i andre omgangen fekk dei nettkjenning i det 58. og 75. minutt utan at keeper Katrine kan lastast for måla. Tvert imot leverte ho ein god kamp og var sikker mellom stengene. Ho er også flink til å oppildna lagkameratane.

Heilt på slutten fekk heimelaget meir luft i luka og då kom det eine målet ved Tina Skår. Men då var det for seint.

Neste kamp for Rosendal er mot det suverene leiarlaget Sund og det skal godt gjerast å hamle opp med det. Etter tapet i dag har Rosendalslaget redusert mogelegeheitene til opprykk sterkt sjølv om det framleis har ein teoretisk sjanse.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Katrine jobba bra mellom stengene og kan ikkje lastast for dei 2 måla